

# Spørsmål om tempo

– Viss Lindås og Meland bestemmr seg for å gå raskare enn dei andre, kor raskt går me? spurte ordføraren i formannskapet.

**Av Silje Sæterdal Bøyum**  
silje@strilen.no

Radøy formannskap hadde drøfting av framtidig kommunestruktur på sakslista torsdag.

Drøftinga kom i kjølvatnet av regionrådsmøtet tysdag, der kommunane vart råda til å finna ut om ein vil i reelle forhandlinger, eller om ein vil venta.

#### – Anar eit mønster

Ordførar Jon Askeland understreka at ingenting er vedteke i kommunestyra, men sa at ein «anar konturane av eit mønster» der Meland, og kanskje Lindås, er meir klare enn andre - og at Fedje, Masfjorden og Modalen ser ut til å ønskja å ikkje gå så raskt fram.

– Så Radøy, kvar er me i prosessen, og når vil me gå i fusjonsforhandlingar?

Askeland var tvilande til om nokon nordhordlandskommunane vert klare til å følgja kommunalminister Jan Tore Sanner sitt raskaste løp. Kommunar som bestemmer seg i løpet av hausten 2015, kan få vedteke samanslåing på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016, slik at samanslåingane kan tre i kraft fra 1. januar 2018. Dette er løp éin.

#### Seinast 2020

Løp to legg opp til at regjeringa fremmar ein samla proposisjon om ny kommunestruktur våren 2017. Samanslåingane skal tre i kraft seinast 1. januar 2020, eventuelt frå 2019, om det er ønska lokalt.

– Budsjettforhandlingar i år blir tøffe. Min analyse er at om Radøy skal tenesta i tenesteyting, må me tenka fusjon. Viss me går åleine framover, står me framfor enorme problem, sa ordføraren.

– Me har lenge snakka om uro over økonomien. Rådmannen kjem til å visa oss eit bilde i haust, der me ser at å vera med i ein fusjon ha stor innverknad på vår evne til tenesteyting, sa Askeland.

#### Samanslåing «heilt naturleg»

– Det er spenstig at ordføraren går ut og tonar flagg. Det er tidspunkt for det no, og det tek tid å gjera folk trygge på det eine og det andre. Eg synes det er heilt naturleg at Radøy, Meland og Lindås vert ein kommune på sikt, ikkje minst økonomisk, sa John Bauge (H), som møtte for Kenneth Taule Murberg i møtet.

– Å starta desse møta om utreiing i god tid, er heilt på sin plass. No skal ein ikkje lata seg



**KOR RASKT:** Ordførar Jon Askeland (Sp) (i midten) stilte spørsmål om kor raskt kommunen ønsker kommunesamanslåing.

Foto: Silje Sæterdal Bøyum

freista for mykje av gulerøter, men det er nok ei gulerot å henta om me er ikkje er for seint ute. Her kan ein nok også forhandla seg til større beløp. For Radøy, i den økonomiske situasjonen me er i, så må me nesten sjå på fusjon, sa Bauge.

#### – Kven teiknar kartet?

– Dette har fått modna seg kort. Ein treng ikkje ha mykje greie på økonomi for å forstå at det vert kraftige nedskjeringer utan samanslåing, men kven teiknar kartet? Er det opp til kommunane sjølv? sa Finn Franzen (KrF).

– Leiarskap fungerer best når ein kan vera med å påverka sjølv, framfor å verta tvungen. Gode prosessar, med naturlege kart bestemt lokalt, dei vil stå seg, trur eg, viss me er tidleg ute, sa Askeland.

– Alle kommunar må mæda

tilbake innan 2016, om dei går frivillig saman eller ikkje. Skjer det mange nok frivillige samanslåingar, vil dette med tvangssamanslåingar dabba av. Viss få går frivillige saman, kjem kanskje tvangsspørsmålet fortare, sa Askeland.

– Det vart jo tvang i 1964, påpeikte Bauge.

– Det vart det, trass sterke protestar, og det gjekk bra, sa Askeland.

#### – Jo fortare, jo betre

– Eg vil slå oss saman, jo fortare, jo betre. Samtidig vil eg ha Austrheim med. Eg trur dei vert litt sure viss me seier at det berre skal vera Lindås, Meland og Radøy, seier Roy Bø (FrP).

Han spurde om tidsperspektivet, og korleis folk flest får innverka på prosessen.

– Kommunestyra er suverene til å starta drøftingar. Det er opp

til kommunane sjølv korleis dei vil involvera folk. Den dagen kommunestyret gjer vedtak om fusjon, så bør det skje fort, sant rådmann? sa Askeland.

– Heilt klart. Det kan skapa stor uro og ein skal drifta kommunen i perioden med samanslåing. Ingen skal vera redde for stillingane sine, bortsett frå rådmannen, då. Men den usikkerhetta folk har, den kan skapa uro, sa rådmann Jarle Landås.

#### Mangler kunnskap

Varaordførar Ann Christin Hoen (Ap) etterlyste kunnskap om kva reforma kan innebera.

– Me har jo ikkje konkret informasjon om noko nesten. Det er veldig viktig for oss å ha meir kunnskap om me skal ha diskusjonar i vårt parti og verta ei nige. Dette må det også jobbast grundig med no, sa Hoen.

– Det er eit veldig viktig po-

## FAKTA

### DETTE VEDTOK FORMANNSKAPET:

- Vedtaka var samrøystes, med mindre noko anna er nemnd.
- Ja til å delta i forsøk med elektronisk kryssing ved neste val. Valdato i Radøy vert berre på sjølvé valldagen, mandag 14. september 2015. (Formannskapet er også valstyre og vedtaket ble gjort av dei som valstyre).
- Høyringsuttale om den indre farleia som kulturarvskap av nasjonal interesse (sak 50): Positivt uttalesvar til at område 1 Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar, er med i utvalet av kulturarvskap av nasjonale interesser i Hordaland. Dette for å sikra kvalitetane i området også i framtida, utan å hindra vidareutvikling av området til næring og bustad. Vert meldingssak i kommunestyret.
- Høyringsuttale gjeve til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 (sak 51). Den omfattande uttalesvar til at området er positiv, men etterlyser blant anna tankar om Manger folkehøgskule si rolle innan kulturfeltet i fylket, ei spissare satsing i bibliotekssektoren og kortare ventetid på å få utbetalt spelemedialar for å finansiera idrettsanlegg.
- Nei til ålmennsoge (sak 52). Radøy kommune er positiv til at det vert utarbeidd ei ålmennsoge for kommunen, men avsluttar førebels bygdebokprosjektet grunna særstengt økonomi. Kommunen er positiv til å stilla alt innsamla materiale til disposisjon der som andre ønsker å gje ut ei ålmennsoge for kommunen. Saka går vidare til kommunestyret.
- Saka om støtte til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark vart utsett fordi ho først skal på høyring til Idrettsrådet. (sak 53).
- Ja til at KS deltek som fagleg tilretteleggar og koordinator i lokale og regionale prosessar i kommunereforma (sak 55).
- Seks mot ein gav eit ja til delvis bompengefinsansiering av Nordhordlandspakkene. Roy Bø (FrP) roysta imot. Saka går vidare til kommunestyret.
- Uttale til regional plan for attraktive senter i Hordaland (sak 57). Melding om uttalesvar vert sendt til kommunestyret.
- Positive uttalar til samfunnsdelen Kommuneplan for Austrheim 2014-2024 (sak 50), Meland kommuneplan sin arealdel (sak 59), områdeplan for Knarvik sentrum (sak 60).
- Positiv uttale, med ein del merknadar, til Arbeids- og sosialdepartementet si høyring om plikt til å stilla vilkår om deltagning i aktivitet ved tildeiling av økonomisk stønad til livsopphald.

eng. Fusjonsforhandlingane vil avdekka kva som vert det nye. Det er mykje data, og me treng noko faktabasert å ta stilling til, sa Askeland.

Saka vart drøfta utan tilråding. Ordføraren reknar med at drøfting av kommunereforma vert ein fast post på sakslista i møta framover.